



REGULERINGSFØRESEGNER FOR:

RØYRO

del av gnr 19 bnr 18 m.fl. og del av gnr 21 bnr 14 m.fl.

Sakshandsaming i samsvar med plan- og bygningslova	Saksnr	Dato	Sign.
Vedtak i Kvam heradsstyre.	63/87H	25.08.1987	SITV
Mindre endring ved NPB-utvalet - Gjeld kun føresegner	054/13	28.08.13	HEIORJ
I medhald av § 12-12 i plan- og bygningslova. Planen er sist endra 28.08.13 Sign.:.....			

PlanID: 19870002a, (19870002)

Arkivsaknr: 13/258, (10/1211)

I. Disse reguleringsføresegnene gjeld for det området som er vist med reguleringsgrensene på plankartet.

II. Området er regulert til fylgjande føremål:

A: Byggjeområde	1. Hytter
B: Landbruksområde	1. Jordbruk/skogbruk
C: Fareområde	1. Høgspente
D: Spesialområde	1. Camping
	2. Friluftsområde
Fellesareal for fleire eigedomar	1. Felles avkøyrsløp og trafikkareal.
	2. Felles parkeringsplass.

III. Med tilvising til §§ 25 og 26 i Plan- og bygningslova er fylgjande føresegner knytta til dei einskilde områda.

A.1. Byggjeområde for hytter

§ 25.1 - I områda skal det førast opp hytter. Oppføring av frittliggjande uthus er ikkje tillate.

§ 26. - Hyttene skal ha saltak og førast opp som frittliggjande bygningar.

Hyttene skal førast opp i 1 etasje. Bygningsrådet skal bestemma høgda på grunnmur eller pilarar. Dersom pilarane har ei høgde på 0,5 m eller meir, skal opninga imellom kledast med bord eller på annan passende måte.

Hyttene skal plasserast som vist på plankartet i samsvar med innmålt pel i terrenget. Pelen skal liggja innanfor hytta sine fire veggjar. Mindre justering av hytta si plassering kan gjerast av bygningsrådet.

Hyttene kan førast opp med ei grunnflate på inntil 90 m², overbygd veranda medrekna.

Eksisterande terreng og vegetasjon skal takast vare på så langt råd er.

D.1. Camping

§ 25.6 - Området skal nyttast til plassering av campinghytter med tilhøyrande fellesbygg.

§ 26. - Fellesbygget skal ha saltak.

Fellesbygget skal førast opp i 1 etasje. Bygningsrådet skal bestemma høgda på grunnmur eller pilarar. Dersom pilarane har ei høgde på 0,5 m eller meir, skal opninga imellom kledast med bord eller på annan passende måte.

Før området vert teke i bruk skal det liggja føre ein plassering og byggjeplan godkjent av bygningsrådet. Planen skal visa hyttene og fellesbygget sine plasseringar. Den skal vidare visa parkeringsplasser og anna internt trafikkareal og område for eksisterande og framtidig vegetasjon.

E.1. Felles avkøyrslø

I området mellom frisikt-linjene og vegføremåla (frisiktsonene) skal det ved avkøyrslø vera fri sikt i ei høgd av 0,5 m over vegplanet.

E.2. Felles parkeringsplass

§ 26. Parkeringsplassen skal nyttast av alle hyttene innanfor planområdet.

Opparbeiding av turvande vegar og parkeringsplassar for hyttene, skal opparbeidast med hyttene. Felles stiar kan nyttast som traktorveg.

IV.

Fellesføresegner:

Mindre vesentlege unntak frå desse føresegnene kan, når særlege grunnar talar for det, gjevast av bygningsrådet innanfor ramma av reglane i Plan- og bygningslova og vedtektene til denne for Kvam herad.

❖ Mindre endring 28.08.2013 - NPB-vedtak 054/13, revidert 08.03.2021:

- For gnr 19 bnr 522, 716, 722, 812, 713, 524, 728, 727, 503, 465, 506 og 119:
 1. Endre utnyttingsgrad frå 90m² BYA til 150m² BRA, jf. TEK10 § 5-1 bokstav c og § 5-4.
 2. Tillate uthus/carport innanfor gitt utnyttingsgrad.

- Rekkefølgekrav for heile planområdet:

På strekkja mellom NAF'en og Ungdomsheimen skal det gjennomførast ny regulering og opparbeiding av gang- og sykkelveg og planfri kryssing av fylkesveg 7 for mjuke trafikantar før det kan gjennomførast vidare utbygging. ~~Utarbeiding av reguleringsplan og gjennomføring av tiltak skal uansett gjennomførast innan år 2014.~~ **Rekkefølgekravet hindrar ikkje oppføring av utbuer og tilbygg som aukar utnyttinga inntil 150 m². Utnytting som inneberer oppdeling til fleire einingar kan ikkje tillast før rekkefølgekravet til gang- og sykkelveg er gjennomført.**